

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Rita Berstad Maraak

Arkivsak: 26/606

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
STRANDA HAMNEVESEN KF	07.09.2026	044/26
KOMMUNESTYRET		

Forskrift om fartsgrense for fritidsfartøy i Stranda kommune, sjøkart nr. 127

Hamnesjef si tilråding:

1. Styret i Stranda hamnevesen har handsama framlegg til kommunal forskrift om fartsgrenser for fritidsfartøy i Geiranger, som omfattar høyringsinnspel etter gjennomført offentlig høyring med høyringsfrist 17.06.2026.
2. Styret vurderer at framlegget til forskrift er i samsvar med omsynet til tryggleik, framkome, miljø og god orden i farvatnet, og at reguleringa er nødvendig for å sikre ei formålstenelig trafikkavvikling i Geirangerfjorden og hamneområdet.
3. Styret tilrår at kommunestyret vedtek kommunal forskrift om fartsgrenser for fritidsfartøy i Geiranger i samsvar med framlagt utkast til forskrift.
4. Forskrifta er samordna med Kystverket si statlige fartsregulering slik at det vert etablert eit heilskapleg og ikkje-overlappende regelverk for ferdsel i Geirangerfjorden.
5. Saka vert oversendt Stranda kommunestyre for endelig behandling og godkjenning av forskrifta.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka


Det vert vist til korrespondanse mellom Stranda hamnevesen og Kystverket, mellom anna Kystverket sitt brev av 12.02.2026 om behovet for endringar i gjeldande fartsgrenser i Geiranger.

Saksopplysningar

Kystverket har oppmoda Stranda kommune ved Stranda hamnevesen om å vurdere endringar i fartsgrensene i Geirangerfjorden og hamneområdet. Bakgrunnen er trafikkbildet i den inste delen av Geirangerfjorden i sommarsesongen, med stor aktivitet frå både fritidsfartøy og næringsfartøy.

- fritidsfartøy i farleidsareal
- næringsfartøy i og utanfor farleidsareal

- For å sikre eit heilskapleg regelverk vedtok Stranda hamnevesen å starte arbeidet med kommunal forskrift om fartsgrenser for fritidsfartøy i Geiranger, basert på dei koordinatane og fartsgrensene som Kystverket har foreslått.



Administrasjonen vurderer at det er viktig med samordning mellom statlige og kommunale fartsreguleringar for å oppnå eit oversiktleg og effektivt regelverk for brukarane av fjordområdet. Dei foreslåtte fartsgrensene vil bidra til auka tryggleik, betre trafikkavvikling og redusert konflikt mellom ulike fartøysgrupper i området.

Etter hamne- og farvasslova skal kommunal forskrift om fartsgrenser fastsetjast av kommunestyret.